



**Jobbnorge-ID:** 261787

**Søknadsfrist:** 16.05.2024

**Nettside:** <https://www.aurland.kommune.no/>

**Omfang:** Heiltid

**Varighet:** Fast

Har du lyst å jobbe med eit spennande fagfelt i ei vakker vestlandskommune?

## Oppmålingsingeniør/Landmålar

### Om stillinga

Aurland kommune har ledig fast 100% stilling som oppmålingsingeniør/Landmålar.

Aurland kommune søkjar etter ein erfaren ingeniør med kart- og oppmålingskompetanse på avdelinga forvaltning i kommunalområdet samfunnsutvikling. Stillinga er lokalisert på rådhuset, sentralt på Aurlandsvengen. Her får du eige kontor med utsikt mot fjell og fjord. På avdelinga blir du i godt selskap med tilsette som til dømes jobbar med planarbeid, byggesak, prosjekt og næring. Me legg vekt på godt og inkluderande samarbeid, der du skal få påverke arbeidskvardagen.

### Arbeids- og ansvarsområde

- Vere kommunen sin matrikkelførar
- Handsaming av søknadar om deling og arealoverføring etter plan- og bygningslova.
- Oppdatere matrikkelen, kartgrunnlaget og utarbeide temakart.
- Geodataansvarleg for kommunen
- Publikumsretteiing
- Landmålararbeid i drifts- og investeringsprosjekt
- Kontrollingeniør/prosjekteringsoppgåver på kommunale drifts- og investeringsprosjekt
- Det må påreknast andre oppgåver tillagt stillinga under kommunalområde Samfunnsutvikling.

### Me tilbyr

- Ei utfordrande stilling med moglegheit for utvikling og fagleg påverknad
- Avtale om delvis heimekontor.
- Bli ein del av ein triveleg arbeidsplass der arbeidsmiljø står i sentrum
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Løn etter avtale
- Gratis inngang til treningsrom i Aurlandshallen
- Gratis inngang til symjhallen
- Hjelp til å skaffe bustad
- Hjelp til å skaffe jobb til partner

Sjå gjerne informasjonsbrosjyre om kommunen vår [her](#).

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=aFXLANqUbl>

### Kvalifikasjonar

Vi søkjer deg som:

- Har erfaring frå delings- og oppmålingsarbeid
- Har relevant utdanning frå høgskule
- Har autorisasjon som landmålar
- Er godkjent matrikkelførar og har erfaring innan matrikkelføring
- Har kjennskap til moderne oppmålingsutstyr
- Har kjennskap til bruk av dataprogram (GISLINE) i kart- og oppmålingsarbeid
- Har kjennskap til offentleg forvaltning
- Har førarkort klasse B

### Personlege eigenskapar

- Har gode samarbeidseigenskapar og ei serviceretta haldning
- Er motivert for å utvikle Aurland kommune vidare

- Lojal
- Pliktopplyllande
- Engasjert
- Systematisk

**Våre verdiar er:** L-Æ-R, som står for Likeverd, Ærlegdom og Respekt.

## Løns- og tilsetjingsvilkår

Tilsetjing, løn og arbeidsvilkår er i samsvar med gjeldande lover, reglement og tariffavtale.

## Krav til språk

Du bør kommunisere godt på norsk, både munnleg og skriftleg. Aurland kommune nyttar nynorsk som målform.

## Generell informasjon

Aurland kommune praktiserer meiroffentlegheit og kunngjer forenkla søkarlista til ledige stillingar. Søkarar, som har oppmoda om at namnet blir unntatte søkarlista, må krysse av for dette og grunngje valet i søknadsteksten. Me tek kontakt med søkarar som har bedt om dette, dersom me meiner at grunngjevinga ikkje er tilstrekkeleg.

Mangfald kan gje oss eit breiare perspektiv. Medarbeidarar med ulik livserfaring og fagkombinasjonar kan gjere oss i stand til å finne gode løysingar i kommunen vår. Me oppfordrar derfor alle til å søke jobb utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkomen til å søke sjølv om du ikkje kan syne til ei samanhengende yrkeskarriere.

Me ynskjer deg velkomen som arbeidssøkar i Aurland kommune.

## Om oss

Aurland kommune ligg vakkert til ved Sognefjorden, sentralt ved E16 mellom Oslo og Bergen. Me ynskjer å vera Noreg sin fremste kommune på heilårsturisme, og har eit mangfaldig næringsliv i vekst. Me er om lag 1780 innbyggjarar fordelt på bygdene Aurlandsvangen, Undredal, Flåm, Gudvangen og Vassbygdi. Aurland kommune satsar spesielt på trygge oppvekstkår, nærings- og bustadutvikling og god tenesteyting. Kommunen har gode kultur- og idrettstilbod både for små og store, som til dømes basseng, musikkskule, klatring, handball, fotball, friidrett og boksing.

På kulturskulen kan ein få opplæring i gitar, trommer, bass og biletkunst m.m. Aurland er ei naturperle og ideelt for fjellturar, jakt og fiske. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er på UNESCO si verdsarvliste for det spektakulære fjell- og fjordlandskapet. Det er kort veg til Myrkdalen, Vatnahalsen, Sogndal og Hemsedal om du likar å gå langrenn eller vil i slalåmbakken. Vil du nyte god mat, har me restaurant, kafé, bryggeri, og bakeri.

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Jan Olav Åsarmoen Møller, Nestleiar Samfunnsutvikling / Avdelingsleiar Forvaltning  
Telefon: 45978522 | E-post: jan.olav.moller@aurland.kommune.no
- Reinhardt Sørensen, Kommunalleiar Samfunnsutvikling  
Telefon: 95984604 | E-post: reinhardt.sorensen@aurland.kommune.no

### Arbeidsstad:

Vangen 1 5745 Aurland (Aurland Kommune)